

# VEDTEKTER FOR BØMLO BÅTLAG

## § 1

### NAMN OG FORMÅL

1. Laget sitt namn skal vera BØMLO BÅTLAG.  
Arbeidsområde for laget er Langevågsområdet, 5443 Bømlo
2. Bømlo Båtlag skal arbeida for å skaffa båtplassar til medlemene i laget, samt skapa eit godt og maritimt miljø i bygda. I tillegg skal laget ta vare på medlemene sine interesser på best mogeleg måte.
3. Alle kan bli medlem av Bømlo Båtlag. Det er ikkje nødvendig å vera båteigar for å vera medlem av laget. For å få båtplass må ein vera medlem av laget, og fastbuande eller ha fritidseigedom på Bømlo.
4. Bømlo Båtlag sine organ er:
  - a. Årsmøtet
  - b. Styret

## § 2

### ORDINÆRT ÅRSMØTE

1. Årsmøtet er laget sitt høgaste organ. Det skal gjennomførast innan utgangen av februar. Innkallinga skal skje med minst 14 dagars varsel.
2. Saker som skal opp på årsmøtet skal meldast til styret seinast 10 dagar før årsmøtet. Innkomne saker som skal opp på årsmøtet skal sendast ut til medlemmene fire dagar før møtet.
3. Ein kvar person som har betalt kontingent og er registrert som medlem pr 31. desember året før, har rett til å delta på årsmøtet. Berre medlemmer som har innbetalt innskot for båtplass, eller har styreverv, har stemmerett.
4. Årsmøtet er vedtaksført same kor mange medlemmer som møter. Alle avgjerder vert avgjort ved simpelt fleirtal, bortsett frå endringar av vedtektene som krev 2/3 fleirtal. Eit medlem kan forlange skriftleg avstemming dersom det ligg føre meir enn eitt forslag. Dersom eit medlem ikkje kan møta på årsmøtet, kan denne gje si stemme skriftleg på saker som skal opp til avstemming.
5. Det ordinære årsmøtet skal handsama følgjande faste saker:
  1. Konstituering
    - A. Opning
    - B. Godkjenning av innkalling og dagsorden
    - C. Val av møteleiar
    - D. Val av referent
    - E. Val av to medlemmer til å underteikna protokollen
    - F. Årsmelding
    - G. Revidert rekneskap
    - H. Forslag som er fremma av styret eller frå medlem/medlemmer
    - I. Forslag til kommande års budsjett
    - J. Val av styre

- K. Val av revisor. Vert vald for 1 år av gangen
- L. Val av valnemnd på tre medlemmer og eitt varamedlem. Nemnda arbeider etter retningslinjer vedteke av årsmøtet. Valnemnda vel sjølv sin leiar.
- M. Årsmøtet kan berre handsama saker som står oppført på saklista.
- N. Referat frå årsmøtet vert sendt til medlemmene.

### § 3

#### **EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE**

1. Styret kan om nødvendig, med 2/3 fleirtal, kalla inn til ekstraordinært årsmøte.
2. Om 1/3 av medlemmene krev det skriftleg, skal styret kalla inn til ekstraordinært årsmøte. Saker som ein ønskjer å ta opp må leverast skriftleg til styret seinast 8 dagar før ekstraordinært årsmøte.
3. I høve til reglar for innkalling og kva tid ekstraordinært årsmøte er vedtaksført, gjeld dei same reglar som under § 2.
4. Det ekstraordinære årsmøtet skal berre handsama dei saker som er årsak til innkallinga.

### § 4

#### **LAGET SITT STYRE**

1. Det daglege arbeidet i laget skal takast i vare av styret valt av årsmøtet.
2. Medlemmene i styret, valnemnd og arrangementskomité skal veljast for 2 år av gongen. Valet må likevel organiserast slik at halvparten av styret er på val kvart år. Leiaren vert vald for eitt år.
3. Årsmøtet vel eit styre på 6 medlemmer som er sett saman på følgjande måte:
  - Leiar
  - Nestleiar
  - Skrivar
  - Kasserar
  - 2 styremedlemmer, der den eine skal ha funksjon som harnesjef
  - 2 vararepresentantar
4. Styret skal gjennomføra styremøte etter behov. Det skal likevel vera minst 3 styremøte i årsmøteperioden. Det skal førast protokoll frå styremøta. Vararepresentantane trer inn med stemmerett i styret dersom styret ikkje er fulltalig, men har også full møterett og blir innkalla til alle styremøte.
5. Styret er vedtaksført når minst 4 styremedlemmer og/eller vararepresentantar er til stades.
6. Styret kan, om det finn det nødvendig ut frå sak, kalla inn eitkvart medlem til styremøte. Medlemmet vil kunna ha talerett i den saka som er årsak til innkallinga.

## § 5

### LAGET SINE LOVER

1. Laget sine lover kan berre endrast etter vedtak på ordinært eller ekstraordinært årsmøte.
2. Lovendring krev 2/3 fleirtal av dei som har stemmerett på eit vedtaksført årsmøte.
3. Lovendring trer i kraft straks ho er vedteken av årsmøtet, eller frå det tidspunktet som årsmøtet fastset. Inga lovendring kan få tilbakeverkande kraft.

## § 6

### KONTINGENT OG HAMNELEIGE

1. Pris for båt plass, medlemskontingenten og hamneleiga for medlemmer med båt plass skal fastsetjast av det årlege, ordinære årsmøtet etter framlegg frå styret, og skal gjelda inntil nye endringar vert vedtekne. Såleis vil årsmøtet vedta ei prisliste som skal gjelda for årsmøteperioden. Innbetalingar til laget skal skje innan 31.03 kvart år.
2. Båt plassane vert nedskrive med 5% pr år over ein periode på 10 år. Nedskrivning stopper om laget overtar båt plassen og medlemmet ikkje vil ha utbetalt innskot (ref. pkt 7).
3. Dersom utsending av ekstra varsel om betaling er nødvendig, medfører dette eit purregebyr som medlemmet er ansvarleg for å betala. Storleiken på purregebyret skal fastsetjast av årsmøtet i samband med fastsetjing av kontingent.
4. *Avrekning for fast båt plass vert gjort to gonger i året.*
  1. 01.01 – 30.06      *Medlemmer betaler for heile året*
  2. 01.07 – 31.12      *Medlemmer betaler for 6 mnd.*
5. Pris for mellombels leige av båt plass vert utrekna etter eigne satsar som vert fastsett av styret. Påbegynt månad skal reknast som heil månad. Det skal vera ein gjensidig oppseiingsfrist på 1 - ein - månad.
6. Framleige av båt plass er ikkje tillate.
7. Når eit medlem sel båten sin, går råderetten over plassen til laget dersom det er trong for det. Men eit medlem som i mellomtida er utan båt, kan mot å

betala hamneavgift få halda på plassen sin det året han seljer båten, og eitt år til. Eit medlem som seljer båten sin slepp ny tilknytingsavgift dersom han vil inn i hamna på nytt

Har ikkje medlemmet nytta seg av plassen i denne tida, går plassen tilbake til laget umiddelbart. Medlemmet kan då velge om han/ho vil ha tilbakebetalt innskot eller gi beskjed om ein vil over på venteliste når ein vil ha båtplass.

8. Gjenlevande ektefelle/barn til eit medlem får halda på retten til båtplassen etter den døde. § 1 - 3. ledd om fastbuande, eller har fritidseigedom, gjeld også for denne paragrafen.
9. Ved sal av bustad, eller fritidseigedom, kan båtplassen overførast til ny eigar så lenge vedkommande er fastbuande.
10. Storleiken på båtane i flytebryggene er avgrensa til ei total lengd på 12,20m og ei lysopning (båsbreidde) på 4,50m.  
Hovudkaien og innsida av piren skal ikkje nyttast til permanent fortøying.  
Havneleige vert rekna ut frå breidda på båtplassen. Satsen vert rekna ut for kvar halve meter. Medlemmet kan ikkje forlange å få sin plass redusert/utvida for å komme innanfor dei sette grenseverdiane.
11. Driftsåret følger kalenderåret – 01.01 – 31.12
12. Hamnesjef har ansvar for tildeling av båtplass i samråd med styret. Dvs. at styret alltid skal informerast skriftleg før båtplass vert tildelt.

## § 7

### ANSVAR

1. Bømlo Båtlag har ikkje ansvar for skader, tjuveri eller hærverk på båtar som er fortøyde i båthamna. Laget er heller ikkje ansvarleg for følgeskader som skuldast skader på flytebryggjer, uteliggjarar eller anna materiell som laget eig.
2. Kvart medlem har berre rett til ein – 1 – fast båtplass. Denne gir også rett til, utan vederlag å ha ein – 1 – lettbåt, avgrensa til 4 m (13 fot), i laget sitt hamneområde. Fortøying av lettbåt må skje i samråd med hamnesjef, og slik at fortøyinga ikkje hindrar allmenn ferdsel i området.
3. Alle båtar med plass i flytebryggjene, fast eller mellombels, skal vera ansvarsforsikra.  
Kvar medlem er ansvarleg for skade han måtte gjera på brygge eller andre sine båtar. Båtlaget er utan ansvar for skade påført båtar i hamna.
4. Sal, kjøp og bytte av båt skal meldast styret snarast mogeleg.
5. Alle som har båt i båthamna pliktar å gje opp båten sine data til hamnesjefen, og kasserer, på eige registreringsskjema. Opplysningane skal brukast til ajourføring av båthamna sitt register.
6. Båtar som blir brukte til næringsføremål har ikkje rett til plass i båthamna.
7. Båtlaget sine medlemmer vil, så langt plassen tillet, få tilvist båtplass av styret. Medlemmene må ikkje overlata båtplassen sin til andre utan lov av styret, dette gjeld også kortare periodar. Den som har båtplassen og den som båten er registrert på skal vera identiske.

Endringar som vedkjem båt og medlemsskap skal meldast styre som skal godkjenne endringane. Dette gjeld også ved kjøp av ny båt. Styret kan til ei kvar tid bestemme at båteigarar skal bytte plass. For å kunne nytte hamna på den rasjonelt best mogelege måten, har styret fullmakt til å gjera praktiske endringar. Dette kan vere å bytting båtplassar, regulering av båsar og liknande. Alle endringar skal avtalast med dei partane dette gjeld.

## § 8

### PLIKTAR OG RETTAR FOR MEDLEMMENE

1. Eit medlem som har tillitsverv i laget, har rett til å seia frå seg nye tillitsverv i like lang tid som det siste tillitsvervet varte.
2. Utmelding av laget må skje skriftleg til styret. Utmeldinga gjeld frå utgangen av kalenderåret. Medlemmet heftar for årskontingent i utmeldingsåret.
3. Alle medlemmer har rett til å leiga båtplass i båthamna innanfor ramma av gjeldande reglar, ledige plassar og venteliste. Ved føring av venteliste, skal det takast rimeleg omsyn til lengda av medlemskapet i Bømlo Båtlag..
4. Medlem med båt i båthamna pliktar å delta på inntil 8 timar pliktig vedlikehaldsarbeid pr år. Om nødvendig kan styret kalla inn til ekstra vedlikehaldsarbeid. Styret kan, ut frå særskilde grunnar, gje fritak for pliktig arbeid. For ikkje å møta på slikt arbeid, må medlemmene betala ein timesats som blir fastsett av årsmøtet (kr 500,-). Eventuelt skuldig beløp etter manglande vedlikehaldsarbeid skal betalast saman med kontingenten.
5. Alle medlemmer skal informera hamnesjef/ styret når dei tar opp båten vinteren, grunna utleige og oversikt for dei som går hamnerundane. Medlemmer med båt i hamna er sjølv ansvarleg for å holde uteriggarar og sin del av brygga fri for groe. Dette vert ikkje rekna som felles vedlikehaldsarbeid.
6. Bruk av klubbhus.  
Alle som har fast båtplass i hamna eller har styreverv skal ha tilgang til huset. Medlemmer som ikkje har båtplass eller styreverv, men ønskjer å vera med å drifte laget, som t.d. å halde temakvelder/samlingar for medlemmer, vil få tilgang til klubbhuset. Det vil seie at dei får tilgang til dørkoden ved å venda seg til styret.  
Koden skal skiftast ein gong kvart år. Huset kan opnast for turistar i sommarhalvåret når hamna er betjent av hamnevaktar.

## § 9

### EKSKLUSJON

1. Grov krenking av Bømlo Båtlag sine lovar, vedtekter eller hamnereglar kan føra til eksklusjon frå laget, og pålegg om innløyasing av båtplass. Denne avgjerda vert teke av styret. Medlemmet skal varslast skriftleg og skal gjevast høve til å leggja saka si fram for styret.
2. Styret si avgjerd om eksklusjon kan ankast inn for årsmøtet innan 14 dagar. Slik anke har oppsetjande verknad.
3. Skuldig leige eller andre uoppgjorte forpliktingar gjev rett til pant i båtplassen og vert avrekna av innløyasinga.

## § 10

### OPPLØYSING AV LAGET

1. Forslag om oppløysing av laget skal handsamast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte.
2. Forslag om oppløysing av laget må leverast styret seinast 1 måned før årsmøtet. For at forslaget skal kunna fremjast, må minst 1/10 av laget sine medlemmer ha underteikna forslaget.
3. Styret fører forslaget opp på saklista. Styret må også sjå til at alle medlemmer får skriftleg melding om at forslaget om oppløysing er på sakskartet til årsmøtet.
4. Vedtak om oppløysing av laget må vedtakast av minst 2/3 fleirtal. Det er også eit krav at minst halvparten av laget sine medlemmer har røysta på forslaget. Medlem som har gyldig forfall, skal ha høve til å stemma ved rekommandert brev. Slik stemme må vera styret i hende før årsmøtet vert arrangert.
5. Dersom eit forslag om oppløysing av laget får kvalifisert fleirtal, bestemmer årsmøtet korleis laget sine eigedommar og midlar skal forvaltast.